



Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 OSLO

Vår sakshandsamar
Tore Henrik Øye
Tlf. 55 91 88 85

Vår dato
2009-11-18
Dykkar dato

Vår referanse 2006/00239/007
Arkiv: -C11
Dykkar referanse

HØYRINGSUTTALE: FORSLAG TIL FORSKRIFT OM SÆRSKILDE KRAV TIL AKVAKULTURRELATERT VERKSEMD I HARDANGERFJORDEN.

Vi viser til høyringsbrev frå Fiskeri- og kystdepartementet.

Som nærings- og grunneigarorganisasjon er Hordaland Bondelag oppteken av sysselsetting og verdiskaping lokalt. Det aller meste av stabile arbeidsplassar ute i distrikta er basert på lokale ressursar. Bruk av Hardangerfjorden til fiskeoppdrett er ein slik ressurs som har gjeve stor verdiskaping, og vore med på å sikra busetnad og arbeid.

Samstundes er det viktig å ta vare på dei naturlege bestandane av laks og sjøaure i Hardangefjorden, både ut frå biologiske, rekreasjonsmessige og næringsmessige forhold. Bestandane er på eit kritisk nivå, og forskning viser at lakselus og rømming av oppdrettfisk er vesentlege årsaker til nedgangen. I dette høve har oppdrettsnæringa eit naturleg ansvar, og bruk av driftsformer som gjev grunnlag for livkraftige villfiskbestandar, vert avgjerande framover.

Hordaland Bondelag meiner det er naudsynt med ei ny forskrift som fangar opp utfordringane med sikte på ei berekraftig nytting av fjorden framover. Vi støttar intensjonen i føreskifta om å betre situasjonen for villfisken og å leggje eit langsiktig grunnlag for utvikling i akvakulturnæringa. I dette høve ser vi på framlegget om å ikkje gi nye løyve til etablering eller utviding som ein naturleg konsekvens.

Vi er oppteken av tiltak som gjev minst mogleg risiko for rømming av oppdrettsfisk og spreiding av lakselus. I dette høve støttar vi dei føreslegne verkemidlane i § 8 kring flytting av fisk. Elles er det ved rømming svært viktig med rask og god rapportering. Slike rutinar og regelverk føreligg som kjent i dag. Vi vil likevel spørje om det i samband med føreskrifta er naturleg å sjå ytterlegare på forholda - for eventuelt å styrkje verkemidlane.

Fjerning av oppdrettfisk frå elvane/gyteplassane er ein prioritert strategi for å redusere innblanding i villfiskbestandane. Sidan oppdrettfisk kan rømme i ein tidleg livsfase, vil det oppstå vanskar med å skilje den frå villfisken. I dette høve lurar vi på om oppdrettsanlegga

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	Telefaks:	E-postadresse
Fanav. 245, 5244 Fana	Fanav. 245	55 91 88 80	55 91 88 89	hordaland@bondelaget.no
Hordaland Bondelag	Org.nr.: 977200171	Bankkonto:	9365.09.64320	Internet:
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto:	8101.05. 91392	www.bondelaget.no/hordaland

Vår dato
2009-11-18

Vår referanse
2006/00239/007

kan innføre system som lettar situasjonen, og om forholdet fell inn under føreskriftsarbeidet.

Finansieringsordningar for uttak av oppdrettfisk i elvane vil vere eit aktuelt verkemiddel. Oppdrettsnæringa har gjennom "Hardangerfjordlauget" avsett midlar for å fremje villfiskbestandane. Sjølv om dette er ei privat ordning som ikkje fell inn under føreskrifta, er det naturleg å spørje om delar av midlane kan gå til slike tiltak. Men uavhengig av dette bør ein søkje stabile og "permanente" ordningar.

Vi ser det som naturleg at forvaltinga av Hardangefjorden vert kopla opp mot konkrete miljømål, og det bør vurderast om slike mål skal inn i føreskrifta.

Hordaland Bondelaget meiner etter ei totalvurdering at vi av omsyn til verdiskaping, busetnad og arbeidsplassar må kunna halda oppdrettsverksemda omlag på dagens nivå i Hardangerfjorden. Ved å etablera eit godt samarbeid mellom oppdrett- og villfiskinteresser må næringa gjennomføra tiltak som sikrar levedyktige stammer av villfisk i elvane og fjorden, samtidig som vi har ei levedyktig og lønsam oppdrettsnæring.

Helsing

Marta Bjørgum Meland

Lars Peter Taule



Leiar

Org. sjef